

[Utvida hjortejakt til 10. desember?](#)

29.09.2009



Svein Ottar Rørheim med dei første tre hjortane han skaut ved jaktstarten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen skal onsdag ta standpunkt til forslaget frå rådmannen om å legge forskrift om utvida jakttid i heile Kvinnherad ut på høyring. Utvidinga er frå og med 16. november til og med 10. desember og skal gjelda for inneverande jaktår og fram til og med 31. mars 2012. Fylkesmannen kan når som helst endre forskrifter dersom tilhøva i hjortebestanden tilseier det.

15. oktober vert sett som frisk til å kome med merknadar til forslaget. Etter at høyningsfristen er ute vert saka sendt til kommunestyret for handsaming før oversending til fylkesmannen.

Justeringa spring ut av ein søknad frå Enes og Skarsteigen hjorteavald om utvida jakt. Søknaden er grunngjeven med endringar i beitebruk, endra bruk av trekkvegar og at dyra returnerer til fjells etterat brunsten er over.

Hjortestamma i Kvinnherad er svært stor og at det blir gjort omfattande skader på innmark og skog. I Uskedalen gjeld dette ikkje minst i Haugland-området. Minstearealet er seinka to gonger på kort tid og er no nede på 350 dekar.

For å få teke ut dyra der dei gjer stor skade om vinteren er det ynskjeleg å forlenge jakta til nærmare jul.

Men det er tidlegare kome motforestillingar til utvida jakt, mellom anna at risikoen for skadeskyting aukar med mindre lys, at småviltjakta blir lidande ved at det vert vanskeleg å koma til så lenge hjortejakta pågår og at tilgangen til utmarka vert begrensa for dei som ikkje jaktar.

Av Ola Matti Mathisen